

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 06.01.2016
Vår ref.: 2015/4449-2
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.: «REF»

Søknad om tilskot til open hall 2015

Viser til dykkar søknad om tilskot til open hall datert 15. oktober 2015. **Det vert løyvd kr. 40.000,-**. I tråd med Regional kulturplan 2015 - 2025 vil Hordaland fylkeskommune stimulere kommunar til å opne idrettsanlegga sine for eigenorganisert fysisk aktivitet. Tilskotet skal bidra til at barn og unge får drive med fysisk aktivitet på eigne premisser, gjerne saman med søsken, vener, foreldre/føresette med fleire.

Frå 2016 vil alle fylkeskommunale tilskotsordningar knytt til lavterskel fysisk aktivitet vere samla i ei ordning. Søknadsfristen er 15. februar. Meir informasjon ligg på [fylkeskommunen sine heimesider](#).

Utbetaling

Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling. Tilskotsmottakarar utan organisasjonsnummer samt enkeltmannsføretak slepp krav om elektronisk faktura, og utbetaling blir som tidlegare.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- Link til brukarrettleiing

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarrettleiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/4449

Ressursnummer: 400 420 04

Beløp: 40.000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt

merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Ein kort rapport for bruk av tildelte midlar skal sendast til hfk@hfk.no merka med saksnummer 2015/4449 innan 15. november 2016.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.